



Notat

Dato: 07.05.2019

Arkivsak: 2018/16008-9

Saksbehandlar: Frank Dahl

Til: Partssamansett utval (PSU)

Fra: Prosjektleiar Rune Haugsdal

NOTAT - DPO 12.1 Innkjøp - organisering og arbeidsprosesser

Sluttrapport m/ innstilling til vidare arbeid vart lagt fram pr 14 november 2018 – jmfr vedlegg 2

Rapporten er handsama i info- og drøftingsmøte for NVLFK 21. februar 2019 – jmfr vedlegg 1.
I referatet frå møtet går det fram at YS-kommune har følgjande innspel til rapporten:

«Fleire stader i sluttrapporten frå DPO 12.1 står det formuleringar av typen «Eigen mynde til Skyss, Eigedom, NDLA og Bybanen Utbygging». I dokumentet er det ikkje presisert kva som er meint med dette.

Organisasjonane meiner at det er viktig å presisere kva omfang dette myndet skal ha. Basert på tidlegare erfaringar ser me at dette kan vere naudsynt. Dette er viktig for å sikre ein særslig profesjonell innkjøpsorganisasjon med god og effektiv kvalitetssikring. Dette vil også hjelpe til for å unngå uehldige oppslag i media framover».

Når omgrepet «Eigen mynde» er nytta relatert til Bybanen Utbygging, Skyss, NDLA og Eigedom legg prosjektleiar til grunn at desse einingane kan gjennomføre anskaffingar innafor eige budsjett og kjerneområder. Sentrale IKT-fagsystem, gjeldande regelverk for offentlege anskaffingar inklusiv dei tilhøyrande rutinar og prosedyrar for innkjøpa i VLFK vert lagt til grunn og nytta i dette arbeidet.

Vedlegg

- 1 Referat VLFK 12.2
- 2 DPO 12.1 Innkjøp - organisering og arbeidsprosesser